

**AVGJERD I EØS-KOMITEEN**  
**nr. 99/2006**

**av 22. september 2006**

**om endring av vedlegg I til EØS-avtala (Veterinære og plantesanitære tilhøve)**

EØS-KOMITEEN HAR –

med tilvising til avtala om Det europeiske økonomiske samarbeidsområdet, endra ved protokollen om justering av avtala om Det europeiske økonomiske samarbeidsområdet, heretter kalla ”avtala”, særleg artikkel 98, og

på følgjande bakgrunn:

- 1) Vedlegg I til avtala vart endra ved avgjerd i EØS-komiteen nr. 42/2006 av 28. april 2006<sup>(1)</sup>.
- 2) Kommisjonsvedtak 2005/475/EF av 15. juni 2005 om endring av vedlegg I og II til vedtak 2002/308/EF om utarbeiding av lister over godkjende soner og godkjende oppdrettsanlegg med omsyn til hemoragisk virusseptikemi (VHS) eller infeksjøs hematopoietisk nekrose (IHN) eller begge desse fiskesjukdommane<sup>(2)</sup> skal takast inn i avtala.
- 3) Kommisjonsvedtak 2005/485/EF av 22. juni 2005 om endring av vedtak 2001/881/EF og 2002/459/EF med omsyn til lista over grensekontrollstasjonar<sup>(3)</sup> skal takast inn i avtala.
- 4) Kommisjonsvedtak 2005/515/EF av 14. juli 2005 om endring av vedtak 2004/292/EF om iverksetting av TRACES-systemet og om endring av vedtak 92/486/EØF<sup>(4)</sup> skal takast inn i avtala.
- 5) Denne avgjerda gjeld ikkje for Liechtenstein –

TEKE DENNE AVGJERDA:

*Artikkel 1*

---

<sup>(1)</sup> TEU L 175 av 29.6.2006, s. 86, og EØS-tillegget til TEU nr. 34 av 29.6.2006, s. 1.

<sup>(2)</sup> TEU L 176 av 8.7.2005, s. 30.

<sup>(3)</sup> TEU L 181 av 13.7.2005, s. 1.

<sup>(4)</sup> TEU L 187 av 19.7.2005, s. 29.

I vedlegg I kapittel I i avtala vert det gjort følgjande endringar:

1. I del 1.2 nr. 39 (kommisjonsvedtak 2001/881/EF) og nr. 46 (kommisjonsvedtak 2002/459/EF) skal nytt strekpunkt lyde:  
”– **32005 D 0485**: Kommisjonsvedtak 2005/485/EF av 22. juni 2005 (EUT L 181 av 13.7.2005, s. 1).”
2. I del 1.2 nr. 118 (kommisjonsvedtak 2004/292/EF) skal nytt strekpunkt lyde:  
”– **32005 D 0515**: Kommisjonsvedtak 2005/515/EF av 14. juli 2005 (EUT L 187 av 19.7.2005, s. 29).”
3. I del 4.2 nr. 66 (kommisjonsvedtak 2002/308/EF) skal nytt strekpunkt lyde:  
”– **32005 D 0475**: Kommisjonsvedtak 2005/475/EF av 15. juni 2005 (EUT L 176 av 8.7.2005, s. 30).”

#### *Artikkel 2*

Teksta til vedtak 2005/475/EF, 2005/485/EF og 2005/515/EF på islandsk og norsk, som vil verte kunngjord i EØS-tillegget til *Tidend for Den europeiske union*, skal verte gyldig.

#### *Artikkel 3*

Denne avgjerda tek til å gjelde 23. september 2006, på det vilkåret at EØS-komiteen har motteke alle meldingar etter artikkel 103 nr. 1 i avtala<sup>(\*)</sup>.

#### *Artikkel 4*

Denne avgjerda skal kunngjerast i EØS-avdelinga av og EØS-tillegget til *Tidend for Den europeiske union*.

Utfërda i Brussel, 22. september 2006

For EØS-komiteen

***Oda Helen Sletnes***

Formann

---

(\*) Ingen forfatningsrettslege krav oppgjevne.